

Mattilsynet har vidareutvikla forslaget om ny velferdsforskrift for storfe, svin, sau og geit

Mattilsynet har foreslått å slå saman forskriftene om hald av storfe, svin, sau og geit til ei felles velferdsforskrift for dei fire dyreslaga. Vi sende forslaget til departementet 9. juli 2018. Så hadde vi eit møte 18. januar 2019, der de ba oss om å gjere visse endringar i utkastet til velferdsforskrifta. Sidan det har vi jobba med desse endringane og i tillegg presisert og utvikla reglar som ikke vart diskutert på møtet.

Dei viktigaste endringane gjeld

- forenkla formålsparagraf (§ 1)
- unntak frå kurskravet for dei med dyrevelferdsutdanning (§ 6)
- rutiner for kastrering, avhorning og avliving (§ 7)
- rutiner for inneklime (§ 7)
- dokumentasjon av kastrering og avhorning (§ 8)
- behovet dyra har for å stelle og halde seg sjølve og avkommet reint (§ 12)
- rein liggeplass (§ 14)
- fortsatt minstekrav om 1 omsorgsbinge (§ 15)
- kva forhold som gjer at talet på omsorgsbingar må aukast (§ 15)
- unntak frå kravet om brannalarmanlegg (§ 17)
- eteåtferd som vilkår for trivsel (§ 24)
- vatnkvalitet og skadelege stoff (§ 24)
- inngrep for å avverje skade på andre dyr (§ 27)
- smertebehandling etter inngrep (§ 27 og § 45)
- skilje mellom aggressive og andre dyr (§ 27)
- unntak for båsfjøs på støl (§ 28)
- talfesta krav om omsorgsbinge i båsfjøs frå 2024 (§ 28)
- lett forståeleg informasjon om kutrenar (§ 30)
- fôring av spedgrisar (§ 41)
- Mattilsynet si anerkjenning av dyrevelferdsprogram for slaktegris (§ 44)
- trening av gjetarhundar (§ 49)
- ekstra vilkår for å kunne binde vêrar og bukkar (§ 52)
- kapping av gevir også på hjort og dåhjort (produksjonsdyrforskrifta § 5)

Vi har i tillegg presisert mange krav slik at det ikke må vurderast kva som er «mogleg» i ulike samanhengar. Eitt eksempel er § 16 første ledd der det nå står «liten fare» i staden for «minst mogleg fare».

Vi er opne for å justere talet på grisar som vilkår for kravet om å vere med i dyrevelferdsprogram for slaktegris.

Reviderte utkast til ny velferdsforskrift, endringsforskrift og høyringsbrev med høyringsliste følger vedlagt.

Vi ber om å få sende det reviderte forslaget på høyring.

Med helsing

Torunn Knævelsrud
Seksjonssjef dyrevelferd

Vedlegg:

- Utkast til høyringsbrev
- Utkast til forskrift om velferd for storfe, svin, sau og geit (uten markerte endringer)
- Utkast til forskrift om velferd for storfe, svin, sau og geit (med markerte endringer)
- Utkast til forskrift om endring av produksjonsdyrforskrifta (med markerte endringer)
- Uendra høyringsliste

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.
Dokument som må ha signatur, blir i tillegg sendt i papirversjon.*